



Rune Rommetveit

Referanser:

Dykkar:

Vår: 14/1135 - 16/31253

Saksbehandlar:

Frøydis Ones

Froydis.Ones@lindas.kommune.no

Dato:

11.11.2016

Referat frå møte den 31.10.2016 om eigedomar - BKB1, BKB3 og O_SGT4 i områdeplan for Knarvik sentrum

Til stades: Bjarne Foss, Rune Rommetveit

Frå Lindås kommune: Hogne Haugsdal, Frøydis Ones

Dette er eit første møte der føremålet er å gå gjennom planen, sjå kva kvalitetar som ligg i den, krav og moglegheiter knytt til eigedomane BKB1 og BKB3. I møtet vert det sett på eventuelle problemstillingar.

Lindås kommune hadde førebudd ein presentasjon som vert lagt ved referatet.

Under vegs i møtet vart følgjande tema belyst:

- Det vert mest sannsynleg mellombelse situasjonar over lang tid når utbygginga startar i planområdet Knarvik sentrum
- Nordhordlandspakken er under behandling i departementet
- E39 gjennom Knarvik vert arbeidd med.
 - o Planprogram for kommuneplan E39 Flatøy-Eikefettunnelen er under behandling.
 - o Kommunen forskotterer og samarbeider med vegvesenet om planarbeidet E39 gjennom Knarvik. Lindås kommune må forhalde seg til at E39 skal gå i dagen gjennom Knarvik sentrum.
- Det kan byggjast ut 30 000 m² før ny oval rundkøyring med tilførselsvegar må etablerast. 12 000 m² av desse vert knytt til bygging av helsehuset.
- Lindås kommune arbeider med prinsippa for bidrag; økonomisk eller realtying.
- Det kan verte ulike løysingar på korleis parkering vert løyst, eksempelvis kvartalsløysing
- Kva vert lagt til grunn når %BRA skal reknast ut? Når eit utbyggingsfelt er sett saman av fleire eigedomar med ulike grunneigarar?
- Det vart stilt spørsmål ved den juridiske heimel for å leggje offentleg gatetun over eigedomen. Kan grunneigar be om innløysing?
- Kommunen arbeider med å få fram eit høgdelagskart over vegar i heile Knarvik sentrum.

Grunneigar si utfordring:

Post

postmottak@lindas.kommune.no
Dokumentsenteret
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no
Telefon +47 56 37 50 00
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 3201.05.89311
Org.nr. 935 084 733

DER DRAUMAR BLIR RØYNDOM



- Grunneigar ynskjer å utvikla området, men det ligg føre nokre føresetnader som må avklarast. Er grunneigar «låst» juridisk?

Tilbakemelding frå kommunen:

- Lindås kommune ber om å få spørsmål skriftleg slik at administrasjonen kan ta ei vurdering av desse før svar vert gjeve. Grunneigar vil få svar i kontekst av dagens situasjon.
- Lindås kommune voner å få utvikla området på ein god måte. Kvartalet som eigedomen ligg i, vil vere viktig sett i samanheng med helsehuset og Kvassnesstemma.
- Vi kan ta oppfølgingsmøte på seinare tidspunkt dersom det er ynskjeleg. Synfaring vert teke dersom det er behov for det, på eit seinare tidspunkt.

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Møte den 31.10.2016 om BKB1 og BKB3, oSGT4 - Knarvik sentrum

Kopi til:

Hogne Haugsdal

Mottakarar:

Bjarne Foss

Rune Rommetveit